



NORCONSULT NORGE AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Bjarne Otnes, 71 25 85 75

Tillegg til uttale - oppstart - reguleringsplan - Molde - detaljregulering - Retiro fotballanlegg - 202505

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi viser til vår uttale 08.01.2025 til oppstart av arbeid med planforslag for Retiro fotballanlegg. Etter utsending har vi fått spørsmål frå Molde kommune om vår vurdering av om planen er KU-pliktig eller ikkje. Kommunen viser til at dei finn at planen fell inn under Vedlegg II punkt 10 bokstav b) *Utviklingsprosjekter for by- og tettstedsområder*, og at dei heldt opp i mot kriteria i § 10 i KU-forskrifta kjem til at planen må ha konsekvensutgreiing.

Statsforvaltaren tar dette til etterretning, og beklagar at vi ut i frå manglande synleggjering av grunnlaget i oppstartsmaterialet vurderte KU-plikta annleis enn det som no er lagt fram.

Klargjeringa endrar ikkje Statsforvaltaren si vurdering av behovet for utgreiing av alternativ til Retiro ut i frå like føresetnader.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Bjarne Otnes
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER